



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Plan og byggenemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 08.02.2017
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 01.02.17

Thor-Sigmund Garvik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 4/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 5/17	Protokoll frå førre møte
PS 6/17	Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - revisjon av byggeprogram
PS 7/17	Prosjekt 60106 - Herøy kulturhus og idrettshall - prioritering mellom tiltak
PS 8/17	Reglement for plan- og byggenemnda - revisjon
PS 9/17	Bergsøy skule, Borga - Tak gymsal

PS 4/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 5/17 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/646
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/17	Plan og byggenemnd	08.02.2017

PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - REVISJON AV BYGGEPROGRAM

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda godkjenner revidert byggeprogram for prosjekt 61604.
2. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om forprosjektet for ny hovudbrannstasjon, alternativt tilbygg og rehabilitering av eksisterande branngarasje, til vitande.

Særutskrift:

- Samfunnsutvikling v/ kommunalsjef Jarl Martin Møller
- Samfunnsutvikling v/ Herøy brann og redning v/ brannsjef Jon Rune Våge
- Samfunnsutvikling v/ Uteseksjon v/ Nils Djupvik
- Hovudverneombod Olaug Andreassen
- Verneombod Lars Ivar Moldskred
- Verneombod Frode Bakken

Vedlegg:

1. Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon – revidert byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 172/16 – Ny hovudbrannstasjon og driftsbasis – byggeprogram

Saksopplysningar:

Saka gjeld prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon - revisjon av byggeprogram i samsvar med kommunestyrets vedtak av utbyggingsalternativ.

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 172/16 utkast til byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbasis. Byggeprogrammet vart fremma til handsaming i 3 alternativ og kommunestyret gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbasis, utbyggingsalternativ 3.*
2. *Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.*
3. *Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.*

Eigedomsavdelinga har på bakgrunn av ovannemnde vedtak revidert og kvalitetssikra byggeprogrammet slik at det er i samsvar med vedtaket.

Revisjonsarbeid er gjennomført i samarbeid med Herøy brann og redning og verneomboda for dei berørte verksemdene.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen tilrår til at byggeprogrammet vert godkjent i revidert form.

Byggeprogrammet vert lagt til grunn for eigedomsavdelinga sitt vidare arbeid med eit forprosjekt for dei alternativ som no skal greiast ut.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:


Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 19.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

HOVUDBRANNSTASJON

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:


BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfas	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasa og beskriv funksjonar og arealramme for etterfylgjande utforming av planløyising og arkitektonisk uttrykk.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbudsfas, byggefase og garantifase.

Prosjektet omfattar bygging av ny hovudbrannstasjon for Herøy brann og redning, alternativt tilbygg og oppgradering av eksisterande stasjon. For sistnemnde alternativ må eksisterande driftsbasis ivaretakast. Naudsynte tilpassingar for god sambruk akseptert.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet skal byggast ut på kommunens eigedomar gnr. 38 bnr. 1 mm.:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Eigedomen er hovudsakleg ubebygd. Dagens hovudbrannstasjon er plassert i nordleg ytterkant av utbyggingsområdet. Resterande område vert nytta til utandørs lagring av kjøretøy og anna teknisk utstyr.

NABOLAG

Eigedomen grenser inntil privat bustadområde, kommunale utleigebustadar og Herøy helse- og omsorgssenter.

GRUNNFORHOLD

Eigedomen har tidlegare vore nytta som søppelfylling. Antatt avgrensninga av søppelfyllinga fyl av kartskisse i vedlegg 1 til byggeprogrammet. Byggherre tek atterhald om at avgrensning av søppelfylling er usikker. Grunnforhold er ikkje vurdert.

ATKOMST

Atkomst til utbyggingseigedomen må sikrast både via eksisterande hovudtrasè Sjukeheimsvegen. Dette må avklarast gjennom regulering av utbyggingstomt og etterfylgjande prosjektering.

PARKERING

Behovet for parkering må søkast dekt gjennom bruk av den del av byggetomta som har antatt dårlegast grunnforhold.

Deler av parkeringsområdet skal reserverast uttrykningskøyning for brannvernet.

BEBYGGELSE

Eit nybygg skal i størst mogleg grad plasserast utanfor antatt grense for tidlegare søppeldeponi. Eit tilbygg til eksisterande stasjon må plasserast i tilknytning til eksisterande stasjon, utanfor antatt grense for søppeldeponi.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Bebyggelsen og tilhøyrande uteareal skal framstå ryddig og gjennom avskjerming mot kringliggande bebyggelse bidra til at området totalt sett får ein visuell heilskap. Bebyggelse skal difor søkast nytta som visuell skjerming mot kringliggande bustadområde.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Ved eit eventuelt tilbygg til eksisterande stasjon kan utearealet kring byggherrens bygg Sjukeheimsvegen 14 vurderast teke inn som parkeringsareal.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Prosjektet skal generelt tilstrebe arealeffektivitet, sambruk og fleksibilitet og i størst mogleg grad unngå døareal i form av korridorar, trapper mm.

6.1

INNLEIING

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

6.2

NY HOVUDBRANNSTASJON

HERØY BRANN OG REDNING

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Garderobe herre	1	45	45	Garderobe for 30 personar. Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - herre.
Toalett - herre	2	2	4	I direkte tilknytning til garderobe - herre.
Garderobe dame	1	10	10	Kvar person skal ha 1 skap for beredskapsbekledning og 1 mindre skap for privat tøy, i totalt 1 meters bredde. Dusj. Direkte adkomst til vognhall og toalett - dame.
Toalett - dame	1	2	2	I direkte tilknytning til fingarderobe - dame.
Vognhall	2	98	238	2 oppstillingsplasser à 7 x 14 m. Portopning 4,5 x 4,7 m. Min takhøgde 6 m. Vognhallen skal ha messanin i 3 meters djupne i bakkant av vognhallen. Langsgående slukrenner i senter gulv under bil. Golvet må ha fall inn mot midten mot rist og sandfangkum. Det må vere tilgang til støyskjerma luftkompressor.
Vaskehall	1	98	98	1 oppstillingsplass à 7 x 14 m. Tilkomst til vognhall og sluse og vaskerom urein.
Sluse	1	6	6	Sluk i gulv, gulvrist, dusj og støvlevask.
Vaskerom urein	1	35	35	Vask av ytterbekledning, røykdykkermaske, meis og brannslange. Tilkomst frå vaskehall.

Tørkerom	1	15	15	Tilkomst frå vaskehall. Tørking av rein bekledning og utstyr.
Røykdykkerverkstad	1	20	20	Tilkomst frå vaskehall og vognhall.
Flaskefylling	1	10	10	Tilkomst frå vaskehall og vognhall. Krav til lydskjerming grunna bruk av luftkompressor (lydskjerma) for flaskefylling.
Sluse	1	3	3	Til fingarderober.
Lager	1	20	20	
Kontor	2	10	20	For brannmeister og fagleiar førebygging.
SUM NTA	-	-	551	

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav til fellesfunksjonar for Herøy brann og redning og Uteseksjonen:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Trimrom	1	60	60	
Toalett	2	2	4	Unisex. Eige rom.
Toalett - HC	1	6	6	Unisex. Eige rom.
Pauserom	1	60	60	Pauserom med kjøkkenkrok.
Møterom	1	15	15	Prosjektor og skjerm. Skal kunne slåast saman med pauserom til eitt stort møterom.
Kopierom	1	08	08	Printer, hyller, arbeidsbenk
SUM NTA	-		153	

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav til driftsfunksjonar for Herøy brann og redning og Uteseksjonen:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	1	30	30	VVS, el., tele-automasjon, straummålarar, IKT
Tavlerom	1	2	2	
Reservestraum og	1	20	20	På bakkeplan. Krav til særskilt støydemping.

kompressor				
Reinholdssentral	1	20	20	På bakkeplan, tralleplass, reol, moppevm, vm til mopper, utslagsvasker, brønn
Bøttekott	1	4	4	Dersom det er behov for 2 etasjer
Lager	1	15	15	Maskiner og forbruksmateriell. Overbygd sone 40m2 ved yttervegg for inn- og utlasting av varer.
Avfallsrom	1	10	10	Kjøling. Sluk. Atkomst frå utsida via port b=1,5m Pappresse bør vere tilgjengelig.
SUM NTA	-		101	

ATKOMST OG LOGISTIKK

Arealet for de funksjonane er tatt med i NTA-BTA-faktor.

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	1			
Prioritert inngang	1			For brannvernet under uttrykning. Krav til direkte atkomst Herøy brannvern - garderobe rein
Trapp / trapperom	1			Dersom det er behov for 2 etasjer.
Heis / heisrom	1			Dersom det er behov for 2 etasjer.
SUM NTA	-	-	-	-

UTANDØRS


Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	25	20	500	15 p-plasser à 20 m2 10 plassar à 20 m2 prioritert for uttrykning.
Øvingsområde	1	250	250	For Herøy brann & redning. Skarp øving.
Lager	1	250	250	For Herøy brann og redning asfaltert uteområde
SUM NTA	-		1 000	-

Krava under kap. 6.2 gjeld tilsvarende for eit eventuelt tilbygg og ombygging av eksisterande hovudbrannstasjon. For dette alternativat må ein i tillegg sikre at eksisterande driftsfunksjonar for Samfunnsavdelinga sin uteseksjon vert ivareteke:

- Funksjonar for Herøy brann og redning skal i hovudsak leggst til eit tilbygg.
- Fellesfunksjonar og driftsfunksjonar skal leggst til eksisterande bygg.
- Dagens brannstasjonsgarasje skal rivast.

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSLTERNATIV	NTA	BTA
Hovudbrannstasjon	805	1046

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2017/103
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Plan og byggenemnd	08.02.2017

PROSJEKT 60106 - HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL - PRIORITERING MELLOM TILTAK

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om prosjektet til vitande.
2. Plan og byggenemnda ber om at asbestsanering vert gjennomført i følgjande delar av bygget:
 - a. Rom 105, 108, 109, 110, 111, 112, 117, 119 i hovudetasjen.
 - b. Rom 001, 002, 005, 008, 009, 011, 013, 015, 016, 020, 021A, 021B, 025, 026, 027, 028B, 033 i underetasjen.
3. Plan- og byggenemnda ber om at asbestsanering vert gjennomført i samråd med brukarane og at ordinær drift ikkje vert belasta meir enn det som er naudsynt.
4. Plan- og byggenemnda ber om at øvrige tiltak vert gjennomført med slik prioritet, føresett naudsynt finansiering:
 - a. Nytt gulvdekke og himling i asbestsanert område
 - b. Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører
 - c. Nye ytterdører med skalsikring
 - d. Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen
5. Dersom budsjettet ikkje rekk til for dei tiltak som er planlagt, ber plan- og byggenemnda om at det vert fremma ny sak om dette.

Særutskrift:

Sektor Samfunnsutvikling v/ kommunalsjef Jarl Martin Møller

Sektor Samfunnsutvikling - Kulturavdelinga v/ kulturleiar Eileen Gjerde

Sektor Samfunnsutvikling - Kulturavdelinga v/ bibliotekleiar Kristin Husøy

Sektor Oppvekst v/ kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy

Sektor Oppvekst - Herøy kulturskule v/ rektor Jostein Storøy

Verneombod Tone G. Larsen

Verneombod Arild Sande

Hovudverneombodet

Vedlegg:

1. Herøy kulturhus og idrettshall – kartlagt asbest
2. Herøy kulturhus og idrettshall – asbestsanering – alternativ 1
3. Herøy kulturhus og idrettshall – asbestsanering – alternativ 2

Saksopplysningar:

Saka gjeld prosjekt 60106 - Herøy kulturhus og idrettshall - mindre rehabilitering og ombygging.

Bakgrunn

Det er i budsjettet for 2017 løyvd midlar til mindre rehabilitering og ombygging av Herøy kulturhus og idrettshall.

Midlane skal nyttast til å lukke avvik etter branntilsyn, auke funksjonaliteten for brukarane av bygget og betre sikkerheita i bygget generelt. I tillegg skal kafeèn tilretteleggast for Frivillegsentralen.

Under planlegginga av prosjektet, har eigedomsavdelinga kartlagt omfanget av asbest i bygget. Det er såleis teke prøver av samtlege gulvtyper i bygget og omfanget av asbest er omfattande. Det er naudsynt å gjennomføre asbestsanering i bygget før planlagte tiltak kan gjennomførast. Samstundes er det på grunn av kostnadane ikkje mogleg å gjennomføre slik sanering utan samstundes å prioritere mellom dei tiltak som er planlagt.

Planlagde tiltak

Følgjande tiltak ligg til grunn for den budsjettløyving kommunestyret har gjort:

Nye ytterdører med skalsikring

Tiltaket er naudsynt fordi mange nøklar til bygget er på avveie samt at teknisk tilstand er dårleg. Det er også påpeika ved branntilsyn at dørene ikkje har den naudsynte funksjonalitet ved evakuering av bygget.

Soneinndeling og delvis utskifting av innerdører

Tiltaket er naudsynt for at Samfunnsutvikling v/ kulturavdelinga skal kunne gjennomføre den omorganisering av drifta ved bygget som dei har tenkt. I den samanheng er det naudsynt å dele bygget inn i soner slik at brukarane i større grad enn i dag kan få tilgang til dei sonene i bygget dei skal, og ikkje meir. Dette vil redusere driftskostnadane på sikt, mellom anna ved at bygget primært vert bemanna på dagtid.

Rehabilitering av lokale for Frivillegsentralen

Frivillegsentralen skal flytte frå innleigde lokale i Fosnavåg til kafeèn ved Herøy kulturhus. Før dette er mogleg må eksisterande lokale tilretteleggast for ny bruk.

Asbest

Kartlagt asbest framgår av planteikningar i vedlegg 1.

Kartlagt asbest inneber at det påkviler både bygningseigar, forvaltar og brukar ei plikt til å vise aktsemd inntil det aktuelle bygningsområde er sanert eller det

asbesthaldige bygningsmaterialet er isolert på forsvarleg vis. Denne plikta er særleg aktuell for eigedomsavdelinga sine byggdriftarar og reinhaldarar samt brukarane av bygget. Eigedomsavdelinga fyl opp dette gjennom informasjon til berørte partar.

Sanering

Eigedomsavdelinga tilrår at kartlagt asbest i størst mogleg grad vert sanert. Dette er den anbefalte måten å handtere asbest på. Sett opp mot dei erfaringar vi gjorde under gulvleggingsarbeidet ved Bergsøy skule Borge, vil alternativet verte vel så omfattande og dyrt. Avdelinga peikar i den samanheng særleg på at eksisterande gulv må slipast før nytt belegg kan leggjast. Dette krev særlege tiltak for å hindre støvspreiing. Dette vil medføre både kostnader og vere ei belastning inn mot ordinær drift å gjennomføre.

Økonomi

Eigedomsavdelinga har i sitt budsjettarbeid nytta Norsk prisbok for å hente statistikk og prisar frå liknande prosjekt og arbeider i Noreg. Dette er eit verktøy som gjev oss eit godt grunnlag for å utarbeide kostnadskalkyler for prosjektet.

Det er utarbeidd to alternative forslag til saneringsomfang, sjå vedlegg 2 og 3. Ingen av alternativa omfattar all kartlagt asbest. Alternativ 1 omfattar også kulturskulen medan alternativ 2 ikkje gjer det.

Asbestsanering, gulvbelegg og himling	Kalkyle
Alternativ 1	1 650 000,-
Alternativ 2	1 250 000,-

Ovannemnde kalkyle omfattar også nytt gulvbelegg og ny himling i dei asbestsanerte områda. Ny himling vert tilråd då alternativet med naudsynt tildekking i samband med sanering vert omfattande og kostnadskrevjande.

Nye ytterdører og delvis utskifting av innerdører	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	2 050 000,-

Skalsikring og soneinndeling	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	1 050 000,-

Tilrettelegging for Frivilligsentralen	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	70 000,-

Summen av ovannemnde tiltak sett opp mot løyvde midlar gjer det klart at tiltak må prioriterast ned eller reduserast i omfang.

Det kan vere aktuelt å belaste Prosjekt 70017 - Brannsikring av kommunale bygg - med deler av tiltaka. I tillegg kan tilrettelegging for Frivilligsentralen samt førebuande arbeid for øvrige tiltak leggjast til Tiltakspakke 2017.

Totalkostnad og finansiering	Kalkyle
Samla kostnadskalkyle	- 4 820 000,-
Prosjekt 60106 – Herøy kulturhus og idrettshall - finansiering	2 420 000,-
Balanse	- 2 400 000,-
Prosjekt 70017 – Brannsikring av kommunale bygg – finansiering	2 000 000,-
Balanse	- 400 000,-
Tiltakspakke 2017	270 000,-
Balanse	- 130 000,-

Ovannemnde tabell syner ei underdekning i prosjektet på kr. 130 000 etter at andre prosjektmidlar bidreg til finansieringa. Eit alternativ kan vere å redusere antall ytterdører som skal skiftast, då dette tiltaket kan gjennomførast seinare.

Ovannemnde inneber at eigedomsavdelinga innhentar tilbod og skriv kontrakt om asbestsanering før vi sluttforhandlar kontrakt for øvrige tiltak. På dette vis sikrar vi moglegheita for å justere på øvrige tiltak slik at sum tiltak vert i samsvar med løyvde midlar slik tabellen ovanfor syner.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen syner til dei erfaringar som vart gjort ved sanering av asbest ved Bergsøy skule Borga og dei prosedyrer som Arbeidstilsynet pålegg Herøy kommune og rår plan- og byggenemnda til å godkjenne asbestsanering ved Herøy kulturhus og idrettshall – alternativ 1.

Rådmannen syner til øvrige tiltak som det er løyvd midlar til i inneverande budsjett. Tiltaka vert gjennomført så langt det er budsjettmessig dekning for det.

Konsekvensar for folkehelse:

Sanering av asbest bidreg til betre folkehelse for tilsette og andre brukarar av bygget.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:


Gjennomføringa av ovannemnde tiltak vil påverke drifta ved bygget. Dette vert – så langt råd er – teke omsyn til i planlegginga og gjennomføringa av prosjektet.

Fosnavåg, 27.01.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Robert Myklebust
Avdelingsleiar eigedom


Sakshandsamar: Robert Myklebust





01	15.01.16	Forandringer på tegning etter kundens ønske						FHB	FDV		
REV.	DATO	REVISJONS TEKST						TEGN.	SAKS.B.	KONTR.	DATO
Oppdrag		Oppdrag nr.		Målestokk							
Oppdragsgiver		Dato		EXT							
Herøy Kommune		15.01.16				Erst. for		Erst. av			
Herøy Kulturhus FDV-Tegning Loft etasje						Tegningsnr.		Rev. nr.			
Henvisninger		Tegnet av FHB		Godkjent av		Filnavn herøy kulturhus og idrettshall planteikning loft.etg.dwg					
















HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/110
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/17	Plan og byggenemnd	08.02.2017
	Formannskapet	28.02.2017
	Kommunestyret	09.03.2017

REGLEMENT FOR PLAN- OG BYGGENEMNDA - REVISJON

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner revidert reglement for plan- og byggenemnda.

Særutskrift:

- Rådmannens leiargruppe
- Eigedomsavdelinga,
- Plan- og byggenemnda

Vedlegg:

1. Reglement for plan- og byggenemnda – revisjon 2017

Uprenta vedlegg

1. K-sak 32/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld revisjon av reglementet for plan- og byggenemnda.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 32/16 reglement for plan- og byggenemnda. Ein tok under revisjonsarbeidet ikkje omsyn til den omorganisering som vart gjennomført hausten 2015 ved at ansvaret for byggeprosjekt vart overført frå dåværande anlegg- og driftsavdelinga til eigedomsavdelinga.

Utkast til revidert reglement

Utkast til revidert reglement fyl som vedlegg 1 til saka.

I tillegg til dei organisatoriske endringane ovanfor, er utkastet til reglement vesentleg forenkla og delt opp i to hovudbolkar, ein del for nemnda si samansetning og mandat mm. og ein del for nemnda sitt arbeid knytt til kommunale byggeprosjekt.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne revidert reglement for plan- og byggenemnda. Reglementet er vesentleg forenkla samanlikna med tidlegare reglement og har no blitt eit praktisk arbeidsverktøy for nemnd og administrasjon.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 27.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Avdelingsleiar eigedom

Sakshandsamar: Robert Myklebust

UTKAST TIL REGLEMENT FOR PLAN- OG BYGGENEMNDA

Plan- og byggenemnda

Plan- og byggenemnda handsamer saker knytt til planlegging og gjennomføring av byggeprosjekt (nybygg, tilbygg og totalrehabiliteringsprosjekt) i kommunale bygg.

Val av nemnd og nemdsmedlemmer

Kommunestyret vel leiar, nestleiar og 3 ordinære nemdsmedlemmar samt personleg vara til plan- og byggenemnda for kvar kommunestyreperiode. Kommunestyret kan skifte ut medlemmar og varamedlemmar i særlege høve.

Nemdsmøter

Plan- og byggenemnda har faste møter det einskilde år. Møteplan vert fastsett i samråd med sekretæren. Nemda skal og kallast inn dersom byggemøtereferat syner avvik i forhold til løyvingane og ved viktige milepælar i framdrifta. Nemnda kan og halde møte når leiaren for nemnda eller 2 av medlemmane finn det naudsynt. Ordføraren kan og be om at nemnda vert kalla inn.

Sekretær

Rådmannen har ansvar for å utnemne sekretærfunksjonar for komitear og utval. Rådmannen kan peike ut særskilde sekretærar for kvar komite/utval. Sekretæren avklarar med leiar for nemnda innkalling og agenda for dei einskilde møte og er ansvarleg for protokollføring.

Saksførebuing og innkalling

Innkalling med saksframlegg skal sendast til alle medlemmer og varamedlemmar seinast ei veke før nemdsbehandling. Leiar kan i særlege høve akseptere utdeling av saksframlegg direkte i møtet.

Møte- og forslagsrett

Ordførar, rådmann, hovudverneombod og andre som rådmannen særskilt ber om å delta, har møte- og forslagsrett i den aktuelle sak.

Vedtak

Nemnda skal gjere vedtak når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt røystetal avgjer formannen med dobbeltstemme.

Protokoll

Det skal førast protokoll frå møta. Av protokollen må det klart framgå kva som er endeleg vedtak og kva som er tilrådingar andsynes andre organ. Protokoll skal sendast alle med møterett samt formannskapet og kommunerevisjonen.

Planlegging og gjennomføring av prosjekt

Plan- og byggenemnda får mandat til å handsame det einskilde prosjekt når kommunestyret har godkjent byggeprogrammet og har vedteke naudsynt finansiering. Eigedomsavdelinga som eigedomsforvaltar og byggherre har det saksførebuande ansvaret for saker til nemnda og for den praktiske gjennomføringa av det einskilde prosjekt.

Lov og forskrift

Kommunale byggeprosjekt skal planleggast og gjennomførast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og føreskrifter, herunder gjeldande Norsk Standard.

Anbod

Konkurransegrunnlaget for den einskilde anskaffelse skal godkjennast av plan- og byggenemnda før konkurransen vert lyst ut på den nasjonale kunngjeringsbasen for offentlege anskaffelse (Doffin) eller den internasjonale kunngjeringsbasen (TED).

Nemda skal haldast orientert om dei investeringar som er underlagt minikonkurranse eller anskaffelse etter rammeavtale. Nemda skal godkjenne endringar i desse prosjekta som er vesentlege sett opp mot føresetnadane for kommunestyrets finansiering av prosjektet eller dersom prosjektet elles har særleg interesse for nemnda.

Anbodsopning og kontraktsforhandling

Leiaren for nemnda har møterett ved anbudsopning og kontraktsforhandlingar med tilbydarane. Framforhandla kontrakt skal signerast av ordføraren.

Val av tilbydar

Proessen ved val av tilbydar avgjerast av nemnda i den konkrete sak. Dersom tilbodet overskrider gjeldande finansieringsplan skal val av tilbydar godkjennast av kommunestyret etter føregåande handsaming i formannskapet og plan- og byggenemnda.

Endringar i prosjekt

Vesentlege endringar i prosjektet skal godkjennast av nemnda. Vesentlege endringar utan naudsynt finansiering skal godkjennast av formannskapet og kommunestyret. Mindre endringar godkjennast administrativt i eigedomsavdelinga.

Økonomisk avslutning

Sak om økonomisk avslutning for det einskilde prosjekt skal handsamast av kommunestyret etter føregåande handsaming i formannskap og plan- og byggenemnd.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RHH	Arkivsaknr:	2016/911
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/17	Plan og byggenemnd	08.02.2017

PROSJEKT 70017 - BERGSØY SKULE BORGÅ - PRIORITERING AV TILTAK.

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda tek orienteringa om prosjektet til vitande og ber rådmannen om å gjennomføre prosjektet etter alternativ 1.

Særutskrift:

- Sektor Stab - Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide
- Sektor Oppvekst v/ kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy
- Sektor Oppvekst - Bergsøy skule Borga v/ rektor Marit Lillestøl
- Verneombod Line Konningen

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Saka gjeld prosjekt prosjekt 70016 - Bergsøy skule Borga - mindre rehabilitering - val av investeringsalternativ.

Bakgrunn

Kommunestyret har i budsjett 2017 løyvd kr. 2 mill. til mindre investeringstiltak ved Bergsøy skule Borga. Midlane skal nyttast til å forlenge levetida for bygget.

Rehabilitering av yttertak

Taket på Bergsøy skule Borga er no klart for utskifting. Dei seinare åra har det løsna og falle ned ein del takstein som er til fare for personar som oppheld seg på skuleplassen eller tilgrensande tilkomstveg. Slik vi ser det er det taket på gymsalen som må utbetrast fyrst. Deretter kjem dei andre delane av taket, føresett naudsynt finansiering.

Slik eigedomsavdelinga vurderer tiltaket er det to moglege løysingar som plan- og byggenemda må ta stilling til:

Omlegging av skifer.

Dette alternativet inneber riving av skifertaket over gymsalen, montering av nytt undertak og opplekting for å legge skifersteinen tilbake.

Ny taktekking.

Dette alternativet inneber riving av skifertaket på skulen for å erstatte dette med ei billegare løysing, for eksempel Decra eller pappkledning.

Bergsøy skule Borga er eit særmerkt bygg, sentralt plassert på Bergsøy og lett synleg for dei fleste. Eit markert estetisk skille mellom gammal og ny taktekking kan vere uheldig for totalinntrykket. Eigedomsavdelinga vurderer difor alternativ 1 som det mest ønskelege for prosjektet. Samstundes er dette alternativet også det dyraste, både for årets prosjekt og for ei seinare utskifting av resterande tak.

Økonomi

Eigedomsavdelinga har i sitt budsjettarbeid nytta Norsk prisbok for å hente statistikk og prisar frå liknande prosjekt og arbeider i Noreg. Dette er eit verktøy som gjev oss eit godt grunnlag for å utarbeide kostnadskalkyler for prosjektet:

Alternativ 1 - Omlegging av skifertak - gymsal	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	956 930,-

Alternativ 2 - Ny taktekking - gymsal	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	795 730,-

Ovannemnde kalkyler er usikre. Endeleg kostnad for tiltaket veit vi fyrst etter at anbodskonkurranse er avslutta og tiltaket er gjennomført.

Vi har i tillegg til ovannemnde også kalkulert kostnaden for rehabilitering av resterande yttertak.

Omlegging av skifertak – resterande bygg	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	3 463 900,-

Ny takteking – resterande bygg	Kalkyle
Kalkulert totalkostnad	2 787 900,-

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår plan- og byggenemnda til å velge alternativ 1 for det takarbeid som skal gjennomførast i 2017. Bergsøy skule Borge er eit særmerkt bygg som vert ståande i mange år til, også om ein ny barneskule vert bygd. Det er difor ønskeleg å ivareta eksisterande fasadeuttrykk i størst mogleg grad. Rådmannen meiner difor ny og moderne takteking på delar av bygget vert feil.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 25.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Avdelingsleiar eigedom

Sakshandsamar: Rolf-Henning Skrede Hide